


Merknader til Arealstrategiplanen for sentrum.

26.09.2014



Klikk på kartet så vert det større.

Referansegruppa som har vore i arbeid i samband med utviklinga av Arealstrategiplan for Uskedalen sentrum, har no sendt oppsummering og merknader til planavdelinga i Kvinnherad kommune ved Karin Thauland og Anbjørn Høyvik. I uttalen som de kan lesa nedanfor, er og det som kom fram på 2 opne møte arrangert av Uskedal Utvikling, lagt til grunn.

Uskedalen utvikling 24.09.2014

Arealstrategi for tettstaden Uskedalen. Merknader frå Referansegruppa.

Referansegruppa syner til møte og drøftingar på to opne møte. Mange av våre synspunkt er tekne med og er såleis ein del av planen. Noko treng grundigare drøfting og utgreiing.

Referansegruppa er godt nøgd med:

- At gangvegen frå Uskedal bru mot Myklebust er forlengd til Gårdsbarnehagen
 - At gangbrua over elvosen er på plass
 - At det er teikna inn fleire fortau i sentrum og gang/sykkelveg frå Døsslandskryssen mot sentrum. Jfr. t Kvinnheradpakken er to tiltak inne med løysing i 2016 og 2022
 - At det er god balanse mellom jordvern og utbygging/fortetting av sentrum
 - At traktor og motorsamlinga til Trond og Asbjørn Olsen er merka/ fargelagd
 - At grunneigar på Stølen er positiv til tilrettelegging av bustader.
Ei regulering må også ta med restareal på det som i dag er utbygd på nabotomta
 - At planen syner gangveg frå Fylkesvegen til SparUskedalen. Vurder plassering på nordsida langs kommunal veg for mellom anna få ein samanhangande løysing frå noverande gangveg langs fylkesvegen

Referansegruppa vil ha endring/vidare arbeid med desse tiltaka:

- Spreidd parkering slik planen syner er for lite tilrettelaagd og funksjonelt

- Skisse til bruk av gamle skuleplassen/torg er ikkje ferdig tenkt. Døme: Å opna opp for trafikk ut i Fylkesvegen v/blomebutikken vil medføra vanskar for denne verksemda
- At det vert teikna inn gangveg på sørsida av Fylkesvegen frå Uskedal bru til avkøyrsla Døssland
- At det vert teke med turveg på elvaborgjo frå Uskedal bru mot Myklebust
- At arealet mellom skulen og badestranda vert brukt til friluftsføremål, t.d. sandvolleyball,- ikkje parkering
- At det vert teikna inn miljøstasjon for hyttekonteiner, konteinar for glas og kle
- Stemneplassen er eit frilufts- og rekreasjonsområde i sentrum. Her trengst det kreative tankar om utvida og ny bruk
- Vasskantpromenaden rundt Neset mot Beinavikjo er spenstig, men først må vi sikra avtale med grunneigarane om bruk av eksisterande turveg rundt Dønhaug og Neset
- Det same gjeld formell avtale med grunneigar om bruk av badestrand på Stølavikjo,- mellom anna for å kunna søkja offentlege midlar til tilrettelegging og bruk
- Idrettslaget sine tankar om bruk av Neset er nyskapande, men det må venta til vi veit kva Grusbanen og tilgrensande areal skal brukast til
- Plan må meir enn no syna fortetting i Skårhaug, bak Endregård, nedre Halsabrotet og langs Fylkesvegen mot Kleivadalen. Det same gjeld gamal frukthage på nedsida av Fylkesvegen i Beinavikjo. Alt areal i sentrum skal ha farge
- At det vert sikra areal til utviding av Uskedal skule/barnehage
- At det vert sikra areal til utviding av kyrkjegarden eller gravplass på anna areal. Kyrkjegard er rett nok ikkje nemnd som behov i planperioden
- Reguleringsplan Beinavikjo vart mellombels lagt bort. Plan må sluttførast før ein opnar opp for vidare utbygging nord for Uskedal Brygge (Telegrafbygget)

Oppsummering:

Framlegg til Arealstrategi for tettstaden Uskedalen er eit godt grunnlag for utbygging og utvikling av sentrum. Uskedal utvikling og Referansegruppa er godt nøgde medarbeidet så langt og vi ser fram vidare arbeid med Kommunedelplan og ein meir juridisk bindande sentrumsplan.

Kristian Bringedal
For Uskedal utvikling ogRE

Nett og foto: Thor Inge Døssland.